



Arkivnr: 2014/20201-1
Saksbehandlar: Birthe Andersen Haugen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		16.09.2014
Fylkesutvalet		24.09.2014

Høyring - kryssløp Vg1 teknikk og industriell produksjon til Vg2 smed

Samandrag

Smedfaget ligg i utdanningsprogram for design og handverk. Fagleg råd for design og handverk og Fagleg råd for teknikk og industriell produksjon støttar forslaget om kryssløp.

Handverksskolen AS på Hjerleid på Dovre har søkt om at det vert innført kryssløp frå Vg1 teknikk og industriell produksjon til Vg2 smed. I statsbudsjettet for 2014 er det også løyvd midlar til ei landslinje i Vg2 smed ved Odda vidaregåande skule.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet støttar framlegget om å opprette kryssløp frå Vg1 teknikk og industriell produksjon til Vg2 smed.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 27.08.2014

Utdanningsdirektoratet har sendt forslag om å opprette kryssløp frå Vg1 teknikk og industriell produksjon til Vg2 smed på høyring. Høyringsfristen er 5. september 2014. Fylkesrådmannen vil sende innstillinga til denne saka som førebels svar på høyringa og ettersende vedtaket i fylkesutvalet når det er klart.

Bakgrunn:

Handverksskolen AS på Hjerleid på Dovre har søkt om at det vert innført kryssløp frå Vg1 teknikk og industriell produksjon til Vg2 smed. Skulen er privat og godkjend for å tilby opplæring innan Vg2 design og trehandverk og Vg2 smed etter privatskulelova. I statsbudsjettet for 2014 er det også løyvd midlar til ei landslinje i Vg2 smed ved Odda vidaregåande skule.

Eit nasjonalt kryssløp inneber at ein elev kan få inntak på eit programområde eller eit lærefag som byggjer på eit anna utdanningsprogram eller programområde enn det eleven har starta på.

Smedfaget ligg i utdanningsprogram for design og handverk. Fagleg råd for design og handverk og Fagleg råd for teknikk og industriell produksjon støttar forslaget om kryssløp.

Søknaden om kryssløp vert grunngeven med at kunnskapen om det praktiske arbeidet og materialkunnskap som elevane får frå Vg1 teknikk og industriell produksjon, gjev eit godt grunnlag for å gå vidare til Vg2 smed.

Vg2 smed vart oppretta ved Odda vidaregåande skule i desember 2013 og er eit landslinjetilbod. Søkjarar frå heile landet søker om inntak på like vilkår til landslinjetilbod. Det melde seg berre to søkjarar til Vg2 smed i Odda. Hovudårsaka til det låge søkjartalet kan vere at Vg2 smed byggjer på Vg1 design og handverk. Dette utdanningsprogrammet har dei siste åra hatt ein nedgang i søkjartalet og rekrutterer i hovudsak til Vg2 frisør. Dersom det vert opna for kryssløp frå Vg1 teknikk og industriell produksjon til Vg2 smed, vil inntaksgrunnlaget bli monaleg betre. Teknikk og industriell produksjon har høgt elevtal både i Hordaland og resten av landet, og alt bør difor liggje til rette for at tilbodet kan kome i gang frå hausten 2015.

Med bakgrunn i at kompetente fagfolk har vurdert læreplanane og meiner at kryssløp frå Vg1 teknikk og industriell produksjon til Vg2 smed er fullt mogeleg, og vidare det faktum at design og handverk Vg1 har svært lågt elevtal og truleg ikkje vil gje grunnlag for ein klasse Vg2 smed i Odda, meiner Fylkesrådmannen at eit kryssløp frå Vg1 teknikk og industriell produksjon til Vg2 smed vil vere eit forsvarleg og godt tiltak.